



Arkivnr: 2014/21281-1

Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.10.2014

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Sogn og Fjordane. Vedtak om offentlig ettersyn og høyring

Samandrag

Den regionale planen for vassregion Sogn og Fjordane er ein plan etter vassforskrifta. Formålet med planen er å utarbeide miljømål for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Aktuelle tiltak for å nå miljømåla er skissert i tiltaksprogrammet. Delar av kommunane Masfjorden, Modalen og Vaksdal og Voss ligg i Vassregion Sogn og Fjordane og planen handsamast derfor politisk også i Hordaland fylkeskommune før utsending på høyring.

Tiltaksprogrammet for Sogn og Fjordane har få tiltak i Hordaland. Det er ingen tiltak i Hordaland sin del av Ytre Sogn vassområde. I indre Sogn vassområde er det framlegg om problemkartlegging i 8 grensevassdrag mellom Sogn og Fjordane og Voss kommune.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet legg utkast til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021, datert 04.09.2014, med tilhørande tiltaksprogram, ut på høyring.
2. Planen ligg ute på høyring i perioden 1.10.14 - 31.03.2015.
3. Fylkesutvalet oppmodar statlege sektorstyresmakter til å levere fråsegn tidleg i høyringsperioden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.


Vedlegg:

1. Framlegg til høyringsutgåve av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion
2. Framlegg til høyringsutgåve av Tiltaksprogram for Sogn og Fjordane
3. Vedlegg- oversikt og foreslegne tiltak og miljømål for dei ulike vassførekomstane
4. Vedlegg – Mindre strenge miljømål
5. Vedlegg – vassførekomstar med utsatt frist
6. Vedlegg – vassførekomstar fremma som svært modifiserte vassførekomstar

Fylkesrådmannen, 24.09.2014

Vassdirektivet er eit rammedirektiv som EU gjorde gjeldande 22. desember 2000. Vassdirektivet vart gjort til ein del av EØS-avtalen i 2007 og legg rammer for all vassressursforvaltning i EØS-området. For å følge opp direktivet vedtok Noreg i 2007 «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (Vassforskrifta) som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Denne forskrifta gjev føringar for korleis Noreg skal gjennomføre arbeidet med heilskapleg vassforvaltning. Det skal lagast regionale planar med tilhøyrande regionale tiltaksprogram for kvar av dei 11 vassregionane i Noreg.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama planane for vassregion Hordaland, Rogaland og Vest-Viken på møtet 19.06.2014. Planen for Sogn og Fjordane var noko forsinka og blir handsama no. Høyringsutgåva av Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vert handsama av fylkesutvalet i Sogn og Fjordane 24.09.2014 som [sak 0102/14](#). Det ble gjort vedtak om å sende den på høyring.



Figur 1 Kart over vassregion Sogn og Fjordane med vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn og Indre Sogn teikna inn.

Grensene for vassregion Hordaland følgjer i hovudsak fylkesgrensene, men med nokre unntak. Totalt er 327 kvadratkilometer av Hordaland i vassregion Sogn og Fjordane. Arealet i Hordaland sin del av Sogn og Fjordane vassregion ligg i to vassområde.

Vassområde	Berørte kommunar i Hordaland	Tiltak i Hordaland
Ytre Sogn	Austrheim, Lindås, Masfjorden, Modalen, Vaksdal og Voss	0
Indre Sogn	Vaksdal, Voss	8 problemkartleggingar

Det er framlegg om problemkartlegging (kunnskapsinnhenting) i vassførekomstane Alvsvatnet, Store Vargevatn, Viddalsvatn/Liverdalsvatn/Fretheimsdalsvatn, Reppavatn/Repvatn, Kreklevotni, Kongshellervatn/Øljuvatn/Nyhellervatn og Seltuftvatn.

Fylkesrådmannens vurdering:

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med planprogrammet og byggjer på eit godt kunnskapsgrunnlag. Planen er i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen.

Fylkesrådmannen si vurdering er at framlegget til plan for Sogn og Fjordane vassregion er lite kontroversielt for Hordaland sin del. Fylkesrådmannen rår til at forslaget til Regional plan for vassregion Sogn og Fjordane og tilhøyrande dokument vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 31.03.2015.